

## **REFERAT FRA MØTE I LIKESTILLINGSKOMITEEN 23.JANUAR 2019**

Møterommet HR-avdelingen, kl 13.30 – 15.00

**Til stede:** Marte Haaland, Heidi Lappegård, Hanne Marie Johannesen, Espen Vaage, Janne Bjorheim Bøe, Susanne Lohne Iversen, Anders Sæle Dahle, Maren Voldsnes Iversen

**Forfall:** Sigmund Selberg, Brita Ytre-Arne, Hege Høivik Bye, Julie Stavnes, Helge Holgersen,

Møteleder: Marte Haaland

Referent: Grete Birkenes

---

### **Sak 07/19: Orienteringssaker:**

- Likestillingskonferansen ved UiB som var planlagt i april er flytta til hausten grunna at likestillingsrådgjevar, Anne Marit Skarsbø, for tida er sjukemeldt.
- Likestillingskomiteen ved UiB er invitert til konferansen Likestilling, mangfold og inkludering i UH-sektoren i Trondheim. Heidi Lappegård og Maren Iversen reiser frå UiB.
- Likestillingskomiteen har fått invitasjon frå MatNat om å delta på fellessamling den 12. april som omhandlar arbeid for likestilling på fakultetet. Fleire i komiteen var interessert i å stille på møtet, og Marte melder tilbake til fakultetet om tal på deltakarar.

### **Sak 08/19: Status for likestilling ved UiB inkludert handlingsplanar status for handlingsplanar for likestilling og for inkludering og mangfald**

Hanne Marie Johannesen presenterte likestillingsstatistikken for 2018.

Vedtak: Likestillingskomiteen vender seg til fakulteta i brevs form, og ber dei om å kommentere på likestillings- og mangfaldsstatistikken på fakultetet, greie ut om tiltak satt i verk for å betre likestilling og inkludering samt omtale utfordringar og eventuelle tiltak. Dersom fakultetet har ein handlingsplan for likestilling og mangfald vil dei bli bede om å dele denne med likestillingskomiteen.

### **Sak 09/19: Likestilling blant innleigd arbeidskraft ved UiB – diskusjon**

UiB leiger inn arbeidskraft til somme tenester, t.d. reinhald. Komiteen diskuterte om UiB har ansvar for vern mot diskriminering i arbeidsforholdet også for desse arbeidstakarane. Komiteen avgjorde å invitere innkjøpsseksjonen til å informere om kva typar krav UiB stiller ovanfor firma der me leiger arbeidskraft kva gjeldt vern mot diskriminering.

### **Sak 10/19: Val av nestleiar**

Val av nestleiar var utsett til neste møte grunna at fleire av dei faste medlemmane ikkje var til stades på dette møtet. På neste møte skal også val av leiar gjennomførast, og det er praktisk at dette gjennomførast samtidig.

### **Vedlegg:**

Presentasjon (sak 08/19) – Status for likestilling og mangfald ved UiB 2018.